



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for samferdsle</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Sygna, Fylkeshuset</b>
<b>Møtedato</b>	<b>13.05.2015</b>
<b>Kl.</b>	<b>Kl 15:00 – 19:30</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Arnstein Menes Sp**

**Anders Ryssdal Sp**

**Björg Bergheim Sp**

**Helen Hjertaas Ap**

**Odd Atle Stegegjerdet Sp**

**Olin Johanne Henden H**

**Ole Gunnar Krakhellen H (Forfall frå kl 19:00. Deltok under handsaming av sakene, men ikkje avrøystinga i sak 17/15)**

**Frank Willy Djuvik Frp**

**Norunn Lunde Furnes Krf**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Velaug Veum**

**Sekretariat for møtet:**

**Marit Silje Årnes Husabø/Oddveig Hove**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 12. mai 2015 vart godkjend utan merknader.

## **SAK 17/15      Økonomiplan 2016-19 - Prioritering av utgreiingsoppdrag på samferdslesektoren**

**Saka vert fremja utan administrativ tilråding.**

**Endringsframlegg:**

**Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til punkt 2:**

Takstane på båt og buss må aukast med 1% kvart år utover ordinær takstauke i 2016, 2017 og 2018. Ei røyst og fall

**Hovudutvalet for samferdsle sette fram slikt framlegg til tilråding:**

1. Hovudutval for samferdsle legg til grunn budsjett 2014 som utgangspunkt for utgreiingsramma på 130 millionar. Arbeidet med innsparing byrja for vår del allereie i 2014 gjennom til dømes rutekjøpsaka i oktober.
2. Som grunnlag for prioriteringar innan samferdsle viser me til vedlagt tabell der ulike innsparingstiltak er differensiert på tre ulike nivå. Her ligg og nivåfordeling på utgreiingar som endå ikkje er ferdigstilt. Det samla innsparingskravet er sett til 115,6 mill for sektoren, då 14, 4 mill er trekt frå det opphavleg kravet på 130 mill.
3. I 2016 og 2017 ynskjer me primært å innfri innsparingskravet gjennom tiltak på nivå 1. Vidare må ein eventuelt vurdere tiltak på nivå 2. Det er førebels ikkje gjort intern prioritering på dette nivået.
4. Nivå 3 inneheld tiltak som HS meiner har store konsekvensar, og som vil gje ei svært dårleg utvikling for Sogn og Fjordane. Desse tiltaka bør tidlegast vurderast i 2018 og 2019.
5. Hovudutval for samferdsle ber administrasjonen utvide oppdraget med å vurdere effektar for trafikktryggleik for drift av fylkesveggar til også å omfatte heim for ein 100-lapp og tilskot til kommunalt trafikktryggingsarbeid.
6. Hovudutval for samferdsle viser til forslag på nivå 3 om vinterstenging av Fv 50 Hol – Aurland og Fv 53 Årdal – Tyin. Dette er drastiske forslag som vil ha store, negative konsekvensar for næringsliv, kommunar og privatpersonar. Hovudutval for samferdsle ber fylkeskommunen om å gå i dialog med Buskerud og Oppland fylkeskommune, for å sjå om ein kan finne løysingar for å unngå vinterstenging.
7. I det vidare arbeidet vil Hovudutval for samferdsle understreke at det er viktig med god dialog og informasjon til kommunane og andre som vert råka av føreslegne endringar.

**Avrøysting:**

Framlegget frå hovudutvalet vart samrøystes vedteken.  
Framlegget frå Framstegspartiet fekk 1 røyst og fall.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Hovudutval for samferdsle legg til grunn budsjett 2014 som utgangspunkt for utgreiingsramma på 130 millionar. Arbeidet med innsparing byrja for vår del allereie i 2014 gjennom til dømes rutekjøpsaka i oktober.
2. Som grunnlag for prioriteringar innan samferdsle viser me til vedlagt tabell der ulike innsparingstiltak er differensiert på tre ulike nivå. Her ligg og nivåfordeling på utgreiingar som endå ikkje er ferdigstilt. Det samla innsparingskravet er sett til 115,6 mill for sektoren, då 14, 4 mill er trekt frå det opphavleg kravet på 130 mill.
3. I 2016 og 2017 ynskjer me primært å innfri innsparingskravet gjennom tiltak på nivå 1. Vidare må ein eventuelt vurdere tiltak på nivå 2. Det er førebels ikkje gjort intern prioritering på dette nivået.
4. Nivå 3 inneheld tiltak som hovudutval for samferdsle meiner har store konsekvensar, og som vil gje ei svært dårleg utvikling for Sogn og Fjordane. Desse tiltaka bør tidlegast vurderast i 2018 og 2019.
5. Hovudutval for samferdsle ber administrasjonen utvide oppdraget med å vurdere effektar for trafikktryggleik for drift av fylkesvegar til også å omfatte heim for ein 100-lapp og tilskot til kommunalt trafikktryggingsarbeid.
6. Hovudutval for samferdsle viser til forslag på nivå 3 om vinterstenging av Fv 50 Hol – Aurland og Fv 53 Årdal – Tyin. Dette er drastiske forslag som vil ha store, negative konsekvensar for næringsliv, kommunar og privatpersonar. Hovudutval for samferdsel ber fylkeskommunen om å gå i dialog med Buskerud og Oppland fylkeskommune, for å sjå om ein kan finne løysingar for å unngå vinterstenging.
7. I det vidare arbeidet vil Hovudutval for samferdsle understreke at det er viktig med god dialog og informasjon til kommunane og andre som vert råka av føreslegne endringar.

**Prioritert liste for kutt på ulike nivå ligg som eige vedlegg til møteprotokollen.**

---

**SAK 18/15      Fylkeskryssande bussruter Vik - Voss**

**VEDTAK:**

- 1 I perioden 1. mai til 31.oktober skal rutene gå som no over Vikafjellet.
  - 2 I perioden 1. november til 30. april går ikkje ruta på strekninga Helgatun (Myrkdalen) i Voss kommune til Tistel i Vik kommune.
  - 3 I vinterperioden vert det køyrt to daglege lokalruter (Dx6) mellom Tistel og Vangsnes.
-

